

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av A, SV, Sp, Krf, V, MDG, H og Frp fram slikt forslag (a):

"Punkt 2:

«Når det gjeld ambisjonsnivå for reduserte utslepp legg fylkesutvalet til grunn eit ambisjonsnivå tilsvarande Klimaplanens miljømål (alternativ 1) for rutepakke 1 og 4. Det same gjeld for dei resterande rutepakkane såframt ein får innvilga støtte frå Enova.»

Vert endra til:

Når det gjeld ambisjonsnivå for reduserte utslepp legg *fylkesutvalet 2-gradarsmålet som ambisjonsnivå (alternativ 2)* til grunn for rutepakke 1 og 4. Det same gjeld for dei resterande rutepakkane, såframt ein får *statleg tilskot*.

Punkt 2, tredje setning:

«Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunne nedjustere krava til energieffektivitet for dei resterande rutepakkane dersom vidare kartlegging viser at dette kravet blir vanskeleg å oppnå i praksis.»

Vert endra til:

Ei eventuell justering av krava til miljø- og energieffektivitet, og/eller det viser seg at ein ikkje får tilstrekkeleg statleg tilskot, vert saka lagt fram for politisk handsaming på ny."

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av A, SV, Sp, Krf, V, MDG, H og Frp fram slikt forslag (b):

"Utval for miljø og samferdsel ber om at det til behandling i fylkesutvalet vert greidd ut korleis og kor mange lærlingplassar det er høveleg å få inn i anbodet. Ein ber og om at dei einiskilde fagområde då vert sett på slik at ein får flest fag med på ferjene."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Hammer sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hammer sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for miljø og samferdsel ber om at det til behandling i fylkesutvalet vert greidd ut korleis og kor mange lærlingplassar det er høveleg å få inn i anbodet. Ein ber og om at dei einiskilde fagområde då vert sett på slik at ein får flest fag med på ferjene.

Innstilling til fylkesutvalet

1. I utarbeiding av innhaldet i konkurransegrunnlag for nye ferjeanbod har ein funne løysingar som ivaretek behovet for eit godt og stabilt ferjetilbod i fylket. Dette er balansert mot samstundes å oppfylle ambisjonar om reduserte utslepp og halde seg innanfor realistiske økonomiske rammer.
2. Når det gjeld ambisjonsnivå for reduserte utslepp legg fylkesutvalet 2-gradarsmålet som ambisjonsnivå (alternativ 2) til grunn for rutepakke 1 og 4. Det same gjeld for dei resterande rutepakkane, såframt ein får statleg tilskot.

Ei eventuell justering av krava til miljø- og energieffektivitet, og/eller det viser seg at ein ikkje får tilstrekkeleg statleg tilskot, vert saka lagt fram for politisk handsaming på ny.

3. Fylkesutvalet sluttar seg elles til tilrådingane i saka.